

# Eksamen

01.06.2016

HHO2002

Aktiviteter med hest/ Aktivitetar med hest

**Programområde:** Heste- og hovslagerfag, Vg2/ Heste- og hovslagarfag, Vg2

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Når du løyser oppgåva må du beskrive dei vala du tar, og du må grunngje.</li><li>• Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none"><li>○ presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta dine og forslag til løysing av oppgåva</li><li>○ trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva</li><li>○ gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine</li><li>○ meistre relevante grunnleggande ferdigheiter</li><li>○ bruke eksempel der det er relevant</li><li>○ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein hensiktsmessig og etterrettelig måte</li></ul></li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	

## Oppgave 1

Her skal du vise korleis du vil handtere og bruke køyrehest slik at det blir trygt og rett for deg, hesten og omgjevnadene.

- a) Skildre og drøft rett oppseling, korleis du set hest for drag, forspenning for vogn og oppstiging og sits i vogna.
- b) Skildre og drøft tømme- og piskeføringa du vil nytte. Skildre og drøft andre hjelparar du nyttar for å kommunisere med hesten i køyring.
- c) Du skal køyre i variert terreng med motbakkar, unnabakkar og svingar i skritt og trav med lett maratonvogn. Korleis vil du på best mogleg måte handtere hesten i desse øvingane?
- d) Vurder krav til kusk, hest og utstyr for å meistre køyrehest i liknande øvingar som i oppgave C.

## Oppgave 2

Kunnskap om åtferda til hesten er viktig for å kunne handtere hestar i ulike samanhengar. Når vi skal temje/dressere ein hest, må vi kommunisere med hesten på ein måte som gjer at han forstår kva vi vil med han.

- a) Gje døme på gode kommunikasjonsmåtar med hest som sørgjer for velferda til dyret, men også vår eigen tryggleik.
- b) Korleis vil du takle ein hest som ikkje er i stand til å «gå pent» når du skal leie han?

## Oppgave 3

For å meistre hesten i ridning i alle gangartar og overgangar mellom desse er det viktig med god kjennskap til grunnleggjande ridekunnskap.

- a) Forklar kva ein korrekt sits er, og kvifor dette er viktig.
- b) Kva for naturlege hjelparar har vi i kommunikasjonen vår med hesten når vi rir? Utdjup på kva måtar desse fungerer.
- c) Vel to lausgjerande øvingar og skildre korleis ein rir dei, og korleis dei verkar på hesten.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse</li><li>• Din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none"><li>○ presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven</li><li>○ trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger</li><li>○ gjøre rede for resultatet/ konsekvensene av dine faglige valg</li><li>○ mestre relevante grunnleggende ferdigheter</li><li>○ bruke eksempler der det er relevant</li><li>○ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte</li></ul></li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	

## Oppgave 1

Her skal du vise hvordan du vil håndtere og bruke kjørehest, slik at det blir trygt og riktig for deg, hesten og omgivelsene.

- a) Beskriv og drøft riktig oppseling, hvordan du setter hest for drag, forspenning for vogn, oppstigning- og sits i vogna.
- b) Beskriv og drøft tømme- og piskeføring du vil benytte. Beskriv og drøft andre hjelpere du benytter for å kommunisere med hesten i kjøring.
- c) Du skal kjøre i variert terreng med motbakker, unnabakker og svinger i skritt og trav med lett maratonvogn. Hvordan vil du på best mulig måte håndtere hesten i disse øvelsene?
- d) Vurder krav til kusk, hest og utstyr for å mestre kjørehest i lignende øvelser som i oppgave C.

## Oppgave 2


Kunnskap om hestens atferd er viktig for å kunne handtere hest i ulike sammenhenger. Når vi skal temme/dressere hest trenger vi å kommunisere med hesten på en måte som gjør at den forstår hva vi vil med den.

- a) Gi eksempler på gode kommunikasjonsmåter med hest, som ivaretar dyrets velferd men også vår egen sikkerhet.
- b) Hvordan vil du takle en hest som ikke er i stand til å «gå pent» når du skal leie den.

## Oppgave 3

For å mestre hesten i ridning i alle gangarter og overganger mellom disse er det viktig med god kjennskap til grunnleggende ridekunnskap.

- a) Forklar hva en korrekt sits er og hvorfor dette er viktig?
- b) Hvilke naturlige hjelpere har vi i vår kommunikasjon med hesten når vi rir. Utdyp på hvilke måter disse fungerer.
- c) Velg to løsgjørende øvelser og beskriv hvordan de rides og hvordan de virker på hesten.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)